



# Pressemelding

26.04.2018

## Nytt styre i Bybanen AS

**Linn Cecilie Moholt er på generalforsamlinga i dag vald til ny leiar av styret i Bybanen AS. Astrid Sørensen er vald som ny nestleiar.**

**– Eg er svært nøgd med styret som skal jobbe vidare med oppdraget og utfordringane for Bybanen, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.**

Fylkestinget har vedteke å utvide styret i Bybanen AS med to medlemmer som ikkje er politisk valde. Ei samla innstilling frå valkomiteen vart i dag vedteken.

– Valkomiteen har kome med ei innstilling som gjev ei god samansetning og rett kompetanse i styret med dei oppgåver og utfordringar som Bybanen AS står framfor dei neste åra, seier Anne Gine Hestetun.

### Styret har no følgjande samansetning:

Styrets leiar, Linn Cecilie Moholt, (ny) vald for 2 år  
Styrets nestleiar Astrid Sørensen, (ny), vald for 2.år  
Styremedlem Lars Christian Stendal, (attval) vald for 1 år  
Styremedlem Øystein Skaar, (ny) vald for 1 år  
Styremedlem Jørund Vandvik, (ny) vald for 1 år  
Styremedlem Mona Røsvik Strømme, (attval) vald for 2 år  
Styremedlem Tor André Ljosland, (attval) vald for 2 år  
Varamedlem Kari Foseid Aakre, (attval) vald for 2 år  
Varamedlem Sigbjørn Framnes, (attval) vald for 2 år

**Linn Cecilie Moholt** er tilsett i Statoil som “Head of Digital Program Office and Partnerships” i Statoil Digital Centre Of Excellence. Før ho gjekk inn i stillinga i 2017, hadde ho i 16 år arbeid i familiebedrifta Karsten Moholt AS.

**Astrid Sørensen** er og tilsett i Statoil, og har hatt mange leiande stillingar i selskapet.

Dagens styreleiar og nestleiar trer ut av styret. Avtroppande styreleiar Paul Nilsen vart i dagens generalforsamling takka for arbeidet sitt.

– Eg har jobba tett med Paul M. Nilsen. Han har gjort eit godt arbeid for Bybanen AS gjennom fleire år, både som administrerande direktør og sist som styreleiar, seier Hestetun.

Bybanen AS vart etablert i 2009 og er heleigd av Hordaland fylkeskommune. Bybanen AS har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Bybanens infrastruktur og rullande materiell.

### For meir informasjon, kontakt:

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun, mobil 995 64 643